



Uskedalen.no prøver å skapa debatt om vårt "heilage fjell" skal heita Ulvanåso, eller Ulvenosa. Eg er ikkje i tvil om at Hemund Fenne har rett i det han skriv, sett frå eit filologisk perspektiv. Han seier: rett skrivemåte er Ulvenosa. Men det norske språket er opp gjennom åra, normalisert litt etter litt.

Utviklinga har ofte gått i den retning at ein har lov å skriva orda på den måten dei vert uttala. Vi i Uskedalen seier Ulvanåso – då burde det også vera rett å skriva det slik.

Navneekspertane i Statens Kartverk har ofte laga krøll når dei på nye kart forandrar på skrivemåten av gamle stadnavn. Eit navn som Børgsdalen, heiter no Bergsdalen. Dette fordi børg er ein gammal skrivemåte på det som i dag heiter berg.

Vidare har vi Flåtene i Eikedalen. Navneekspertane kallar denne staden no for Flatene. Dei fleste uskedelingar kjenner og navnet Hjarteklett. Det er omdøpt til Hjortaklett. Her skriv altså ekspertane om navna til meir moderane skrivemåtar. Då kunne ein vel og gjera det med Ulvanåso?

Sidan det ikkje er straff for å skriva Ulvanåso, vil eg skriva det slik også i framtida

Så noko heilt anna: Kva kjem navnet Ulvanåso av?

Det er mange bygder som har eigartilhøve til Nåso, og som meiner det er deira fjell.

Nåso er så stor at den kan eigast av alle – her er rikeleg å ta av.

Men det som liknar mest på ei ulvenase må vera ryggen av Geitadalstinden opp mot toppen.

Dette ser ein når ein ser på Geitadalstinden frå t.d. Kjeldhaug, eller frå Hatlestrand på nordsida av Hardangerfjorden. Sjå vedlagte bilete.

Av Kjell Yri

